



## STORTINGET

# Innst. 263 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget  
frå utdannings- og forskingskomiteen

Dokument 8:131 S (2021–2022)

**Innstilling frå utdannings- og forskingskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Kari Eskeland, Kari-Anne Jønnes og Mathilde Tybring-Gjedde om auka kompetanse innan riving og demontering**

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet blir det fremja følgjande forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringa vurdere korleis ein kan løfte og formalisere kompetansen for yrkesutøvarar innan demontering og gjenbruk i bygg- og anleggsbransjen i utdanningssektoren, og komme tilbake til Stortinget med ein plan for gjennomføring. Planen bør særleg ha tema som:
  - korleis berekraft, sirkulærøkonomi og gjenbruk blir synleggjort i fagplanane for modulstrukturert fag- og yrkesopplæring, som skal fornyast sommaren 2023
  - korleis demontering og gjenbruk kan passe inn i dei yrkesfaglege løpa.
2. Stortinget ber regjeringa sikre at lærarutdanningane og etter- og vidareutdanningstilbod til lærarar gir auka forståing for berekraftig utvikling og fagleg og pedagogisk arbeid med berekraft i alle fag, i tråd med innføringa av berekraftig utvikling som eit tverrfagleg tema i læreplanane gjennom fagfornyinga.
3. Stortinget ber regjeringa vurdere korleis nye anleggsmaskiner og utstyr som er basert på nullutsløpp, kan bli integrerte i utdanningsløpa.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare utgreiing om forslaga.

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jorodd Asphjell, Sigurd Myrvoll, Elise Waagen og Bente Irene Aaland, frå Høgre, Margret Hagerup, Kari-Anne Jønnes og Tore Vamraak, frå Senterpartiet, Maren Grøthe og Torleik Svelle, frå Framstegspartiet, Himanshu Gulati, frå Sosialistisk Venstreparti, Freddy André Øvstegård, frå Raudt, leiaren Hege Bae Nyholt, og frå Venstre, Abid Raja, viser til representantforslaget.

Kunnskapsminister Tonje Brenna uttala seg om forslaget i brev 29. mars 2022. Brevet fylgjer som vedlegg til innstillinga.

Komiteen inviterte til skriftleg høyring i saka med frist 5. april 2022. Det har ikkje kome inn nokon høyringsfråsegn innan fristen.

Komiteen understrekar behovet for at økonomien må rettast inn mot å bli stadig meir fornybar, sirkulær og berekraftig for at Noreg skal nå vedtekne klimamål. Det er derfor naudsynt at også utdanningssystemet, på alle nivå, bidreg til å utvikle kompetanse som stør opp om klimamåla innan alle fagfelt.

Komiteen er kjend med at berekraftig utvikling allereie er eit av dei tre tverrfaglege temaa i fagfornyinga, med grunngeving om at dette er ei svært sentral samfunnsutfordring. Komiteen syner til at struktur og innhald for yrkesfaga i vidaregåande opplæring, fagskoletilboda og bransjeprogramma blir utvikla i nært samarbeid med partane i arbeidslivet for å sikre at struktu-

ren og innhaldet i tilboda er i tråd med arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Dette inkluderer også framlegg til nye lærefag.

Komiteen meiner at utdanningssystemet spelar ei viktig rolle for å sikre at arbeidslivet og økonomien kan rettast inn mot å bli meir fornybar, sirkulær og berekraftig slik at Noreg når klimamåla. Komiteen er derfor opptatt av at utdanningssystemet, på alle nivå, kan bidra til å utvikle nødvendig kompetanse innan alle fagfelt.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet merkar seg at desse temaa allereie blir spegla i kompetansemåla i læreplanane innan fleire utdanningsprogram, til dømes er det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling eit læreplanmål innan bygg- og anleggsteknikk og teknologi- og industrifag. Gjennom læreplanane får elevane som vel lærefag innan desse utdanningsprogramma, kompetanse til å velje berekraftige løysingar som gjev lite miljøavtrykk. Desse medlemene er kjende med at byggmontasjefaget vart fastsett som nytt lærefag i starten av mars 2022. Desse medlemene merkar seg at faget handlar om å produsere nye bygningar og konstruksjonar og demontere konstruksjonar for ombruk i nye bygg.

Desse medlemene viser til satsinga på midlar til utstyr i vidaregåande opplæring i statsbudsjettet for 2022 og desse medlemene sine ambisjonar om eit utstyrsloft for fagopplæringa, noko som vil gje betre moglegheit for skulane til å investere i kostnadskrevjande utstyr, slik at til dømes anleggsmaskinar med nullutslepp lettare kan integrerast i dei aktuelle utdanningsprogramma.

Desse medlemene vil påpeike at fagopplæringa er eit felles ansvar for utdanningsstyresmaktene og partane i arbeidslivet, der partane er aktive deltakarar i utviklinga innan sine fagområde. Desse medlemene viser til at framlegg til nye lærefag blir fremja av partane og blir behandla i dei faglege råda før endeleg godkjenning i Kunnskapsdepartementet.

Desse medlemene legg til grunn at strukturen og innhaldet i tilboda vil fange opp arbeidslivet sitt behov for kompetanse, og at partane tar sitt samfunnsansvar for berekraftig utvikling på alvor.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Venstre, meiner det av fleire årsaker er viktig å få eit utdanningsløp for dei som jobbar med riving og demontering. I dag er det lite og inga utdanning hjå dei som er i bransjen, noko som også fører til at det ikkje er kunnskap og kompetanse for å handtere byggematerial på ein måte som bidrar til meir sirkularitet innan sektoren. Ein bransje som ikkje har grunnleggjande utdanningsbase, er også prega av arbeidstakarar som ikkje blir lenge i faget, noko som også gjev dårleg kontinuitet og innsikt i faget. Det er frå bran-

sjen sin ståstad eit ønske om å gje yrke innan demontering ein status som er likeverdig med den andre bransjefag har. For å lykkast med dette må det ei meir formalisert utdanning på plass.

Fleirtalet meiner at dersom samfunnet vårt skal lykkast med i betydeleg grad å redusere klimagassutslepp innanfor bygg og anlegg, må vi få på plass meir effektiv ombruk og ressursutnytting som ein del av sirkulærøkonomien. Det krev heving av fagkompetansen og auka rekruttering til relevante fag og utdanningsprogram og ein auka del av fagarbeidarar med erfaring, kunnskap og kompetanse. Kunnskap om demontering og kva krav som blir sett til material som kan gjenbrukt, er òg viktig for at fagarbeidaren skal kunne gje kunnskapserfaring tilbake til arkitektane, ingeniørane, utdanningsinstitusjonane og materialprodusentane for å utvikle nye byggemetodar og material for bygg som i framtida skal optimaliserast for høg grad av gjenbruksmoglegheiter.

Fleirtalet viser til [udir.no](http://udir.no), der byggmontasjefaget under tverrfaglege tema blir omtalt slik:

«I vg3 byggmontasjefaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å velje energieffektive arbeidsmetodar, om materiale og verktøy, om å handtere avfall på ein sikker måte som tar omsyn til miljøet, og om gjenbruk av bygningsdelar. Gjennom å vurdere produkt, materiale og konstruksjonar kritisk blir lærlingane bevisst på dei økonomiske, miljømessige og sosiale dimensjonane ved berekraftig utvikling.»

Fleirtalet meiner dette er bra, men peikar på det store behovet det er for etter- og vidareutdanning av arbeidarar som har lang erfaring i bransjen, men som må tileigne seg ny kunnskap for å leve opp til dagens krav og forventningar og bli ein del av løysinga i det grøne skiftet. Fleirtalet viser til at for å dekke noko av etterspørselen etter auka kompetanse treng vi ei breidde i tilbodet av etter- og vidareutdanning, og dessutan fleire fleksible løp for vaksne som har behov for å fullføre vidaregåande opplæring. Fleirtalet erfarer at bransjen melder om eit behov for ordinære løp i vidaregåande skule, men også for skreddarsydde løysingar og strukturbasert vidaregåande opplæring.

På denne bakgrunnen fremmar fleirtalet følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa vurdere korleis ein kan løfte og formalisere kompetansen for yrkesutøvarar innan demontering og gjenbruk i bygg- og anleggsbransjen i utdanningssektoren, og kome tilbake til Stortinget med ein plan for gjennomføring. Planen bør særleg ha tema som:

- korleis berekraft, sirkulærøkonomi og gjenbruk blir synleggjort i fagplanane for modulstrukturert fag- og yrkesopplæring som skal fornyast sommaren 2023

- korleis demontering og gjenbruk kan passe inn i dei yrkesfaglege løpa.»

Medlemene i komiteen frå Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Venstre meiner at ved innføring av sirkulærøkonomi som tverrfagleg tema er det viktig at det òg blir satsa på etter- og vidareutdanning av lærarar som har oppdatert kompetanse på temaet, spesielt på yrkesfag.

Desse medlemene fremmar derfor følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa sikre at lærarutdanningane og etter- og vidareutdanningstilbod til lærarar gjev auka forståing for berekraftig utvikling og fagleg og pedagogisk arbeid med berekraft i alle fag, i tråd med innføringa av berekraftig utvikling som eit tverrfagleg tema i læreplanane gjennom fagfornyinga.»

Desse medlemene peikar òg på at anleggsmaskiner og utstyr no gjennomgår ei utvikling i form av meir miljøvennlege komponentar. Det er viktig at elevane får kjennskap til korleis desse blir opererte og blir brukte. Vidare meiner desse medlemene at det er viktig at elevane, når dei går ut i arbeid, kan vere pådriverarar til at bransjen tar i bruk utstyr som går på fornybare energikjelder og energiberarar.

Desse medlemene fremmar derfor følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa vurdere korleis nye anleggsmaskiner og utstyr som er baserte på nullutslepp, kan bli integrerte i utdanningsløpa.»

Komiteens medlem fra Fremskrittspartiet støtter intensjonen til forslagsstillerne. Dette medlem er av den oppfatning at det allerede i dag er et stort fokus i bransjen på gjenbruk og sortering av materialer som kan gjenbrukes. Her spiller gjenvinningsstasjonene en stor rolle.

Dette medlem mener det viktigste i utdanningen er å bli gode fagpersoner, og at det derfor må fokuseres på god fagkunnskap i utdanningsinstitusjonene. Dette medlem oppfatter bransjen som fremoverlent og med et allerede sterkt fokus på det som skisseres i forslaget. Dette medlem viser vidare til at det ikke kom inn høringsinnspill til forslaget.

Dette medlem viser til at flere anbuds konkurranser krever nullutslippskjøretøy, som gjør det vanskeligere for mindre entreprenører å konkurrere på like vilkår med større entreprenører som har sterkere kapital

og råd til nullutslippskjøretøy. På samme måte mener dette medlem at det kan bli svært kostbart å integrere nullutslippskjøretøy i utdanningsløpet, med allerede krevende budsjetter. Dette medlem vil imidlertid påpeke at Norge allerede er kommet langt og er fremst i verden på andel el- og nullutslippsbiler, med en elbilandel på over 80 pst. av solgte nybiler i januar 2022.

## Forslag frå mindretal

### Forslag frå Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Venstre:

#### Forslag 1

Stortinget ber regjeringa sikre at lærarutdanningane og etter- og vidareutdanningstilbod til lærarar gjev auka forståing for berekraftig utvikling og fagleg og pedagogisk arbeid med berekraft i alle fag, i tråd med innføringa av berekraftig utvikling som eit tverrfagleg tema i læreplanane gjennom fagfornyinga.

#### Forslag 2

Stortinget ber regjeringa vurdere korleis nye anleggsmaskiner og utstyr som er baserte på nullutslepp, kan bli integrerte i utdanningsløpa.

## Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Venstre.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere følgjande

### vedtak:

Stortinget ber regjeringa vurdere korleis ein kan løfte og formalisere kompetansen for yrkesutøvarar innan demontering og gjenbruk i bygg- og anleggsbransjen i utdanningssektoren, og kome tilbake til Stortinget med ein plan for gjennomføring. Planen bør særleg ha tema som:

- korleis berekraft, sirkulærøkonomi og gjenbruk blir synleggjort i fagplanane for modulstrukturert fag- og yrkesopplæring, som skal fornyast sommaren 2023
- korleis demontering og gjenbruk kan passe inn i dei yrkesfaglege løpa.

Oslo, i utdannings- og forskingskomiteen, den 26. april 2022

**Hege Bae Nyholt**

leiar

**Torleik Svelle**

ordførar



**DET KONGELIGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT**

*Kunnskapsministeren*

Stortinget  
Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

22/1388-

29. mars 2022

## **Representantforslag 131 S (2021-2022) om auka kompetanse innan riving og demontering**

Brevet frå Utdannings- og forskningskomiteen er stila til statsråd Ola Borten Moe, men svaret kjem frå meg fordi spørsmåla i hovudsak handlar om vidaregåande opplæring.

Regjeringa har satt ambisiøse klimamål som forpliktar heile regjeringa. Regjeringa si plattform frå Hurdal slår fast at Noreg skal nå klimamåla, og at økonomien må rettast inn mot å bli stadig meir fornybar, sirkulær og berekraftig. Dette er mål kor også utdanningssystemet vil spille ei viktig rolle. Eg er derfor opptatt av at utdanningssystemet, på alle nivå, kan bidra til å utvikle nødvendig kompetanse innan alle fagfelt.

Det er allereie satt i gang nokre prosesser som er viktige å vidareføre for dette arbeidet, som fagfornyninga i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Ei av grunngevingane for denne prosessen var erkjenninga av at samfunnet er i stadig endring og at det elevane skal lære må være relevant og framtidsretta. I fagfornyninga er det òg tre tverrfaglege tema som er valt ut fordi dei handlar om sentrale samfunnsutfordringar. Berekraftig utvikling er det eine. Dei to andre er folkehelse og livsmeistring, og demokrati og medborgarskap. Dei tverrfaglege temaa blir spegla i læreplanane og blir arbeida med på premissa til dei einskilde faga. Læreplanane er suksessivt ført inn frå skoleåret 2020/21. Hausten 2022 vil dei nye Vg3 planane bli tatt i bruk.

Utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk fører fram til 26 lærefag. Formåla med faga slår tydeleg fast at «I vg1 bygg- og anleggsteknikk handlar det tverrfaglige temaet bærekraftig utvikling om å velge bærekraftige løysningar som gir lite miljøavtrykk.» Dette blir også spegla i kompetansemåla i læreplanane for alle faga i utdanningsprogrammet.

Anleggsmaskinførar er òg eit fag innan utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk. Eit av formåla for dette faget er å «... utvikle evnen til å ta i bruk nye maskiner og metoder og nytt utstyr, h ndtere og vedlikeholde maskinene p  en forsvarlig m te....» Ogs  innan utdanningsprogrammet for teknologi- og industrifag er det l refag som har viktig kompetanse innan gjenvinning og resirkulering. Gjenvinningsfaget legg grunnlag for kunnskap om avfall som verdifull ressurs og om milj messig og  konomisk forsvarleg gjenvinning. I starten av mars 2022 blei Byggmontasjefaget fastsett som nytt l refag. Faget handlar om   produsere nye bygningar og konstruksjonar og demontere konstruksjonar for ombruk i nye bygg.

Utdanningsdirektoratet har  g utvikla st ttmateriell til skolane med r d om korleis dei kan leggje til rette for oppl ring i dei tverrfaglege tema. Det er  g etablert vidareutdanningstilbod ved fleire universitet og h gskolar for l rarar som  nsker kompetanseutvikling blant anna innan dei tverrfaglege tema. Det gjeld b de fagleg fordjuping i tema, og didaktisk tilrettelegging. M lgruppa for tilboda er l rarar som underviser i programfag p  yrkesfag. Dersom tilboda ikkje vert fylte opp kan UH-institusjonane ogs  ta opp andre m lgrupper som instrukt rar, faglege leiarar i bedrift, avdelingsleiarar for yrkesfaglege utdanningsprogram, fellesfagl rarar som underviser p  yrkesfaglege utdanningsprogram og fagskolel rarar.

I 2017 blei det satt i gang fors k med modulstrukturert oppl ring i nokre l refag. Utveljinga blei f retatt i samarbeid med partane i arbeidslivet. Bygg- og anleggsbransjen deltar med faga Renhaldsoperat rfaget, Betongfaget, R yrlegggarfaget, Malarfaget og Trevare- og bygginnredningsfaget (Snikkarfaget fr  01.08.2022). Modulstrukturert oppl ring er ikkje ein ny veg til fagbrev, men ein meir fleksibel m te   organisere oppl ringa p . Eit viktig prinsipp er at det er dei ordin re l replanane som blir gjort om til modular og det er dei same fag- og sveinepr vene ein skal ta. Det vil seie at kompetansem la er dei same anten oppl ringa f lgjer hovudmodellen for fagoppl ringa eller om oppl ringa er organisert i modular. Kvar modul avsluttast med ein dokumentasjon, slik at kandidaten kan gjennomf re modular p  ulike arenaer og til ulik tid som f. eks. p  arbeidsplassen, i NAV-tiltak, i introduksjonsprogrammet for innvandrarar etc. Ordninga gjer det mogeleg for vaksne   ta modular i eget tempo og byggje opp til eit fag- eller sveinebrev. Vaksne har hovudsakeleg tre vegar til fag- eller sveinebrev. Som ordin re l rlingar etter 2+2-modellen, som praksiskandidat etter 5  rs relevant praksis eller som fagbrev p  jobb som blant anna forutset at den vaksne er i eit arbeidsforhold. Desse ordningane kan leggjast til rette som modulstrukturert oppl ring i samarbeid med arbeidsgivar og fylkeskommunen.

Regjeringa er ogs  opptatt av at det skal vere gode oppl ringstilbod p  ulike niv  i utdanningssystemet som varetek b de individa og arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Derfor har denne regjeringa  kt satsingane p  fagskolane og vidaref rt bransjeprogramma. Eit viktig kjenneteikn med fagskoleutdanningane er at dei er utvikla i n rt samarbeid med arbeidslivet. Fagskolane skal b de bidra til eit kompetanseintensivt arbeidsliv gjennom fagleg p fyll for dei som allereie er i arbeid, og tilby utdanning for dei som har ambisjonar om meir utdanning etter vidareg ande oppl ring. Ny teknologi og det gr ne skiftet f rer til store endringar i samfunnet og nye behov for arbeidskraft. Det gjer fagskolane enda meir relevante

for arbeidsmarknaden fordi dei tilbyr korte, praktiske utdanningar som arbeidslivet har behov for.

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling er eit samarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet om å auke deltakinga i kompetanseutvikling innan utvalde bransjar. Bransjeprogramma blei oppretta for å auke deltakinga i kompetanseutviklinga innan utvalde bransjar. Målet er å tilby kurs og utdanningstilbod for å bidra til kompetanseutvikling i tråd med bransjane sine behov, slik at arbeidstakarane kan takle omstillingar og være betre rusta for morgondagens arbeidsliv. I februar varsla regjeringa at den vil sette i gang tre nye bransjeprogram, blant anna ei reetablering av bransjeprogram for industri- og byggenæringa. Med dei tre nye bransjeprogramma er det til saman 11 bransjeprogram i 2022.

Struktur og innhald for yrkesfaga i vidaregåande opplæring, fagskoletilboda og bransjeprogramma utviklast i nært samarbeid med partane i arbeidslivet. For yrkesfaga i vidaregåande opplæring er dette samarbeidet organisert gjennom 10 faglege råd og Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY). Forslag til nye lærefag fremjast av partane og blir behandla i råda, før godkjenning i Kunnskapsdepartementet. Mi erfaring er at partane er særst aktive deltakarar i utviklinga innan sine fagområde. Eg er derfor trygg på at struktur og innhaldet i tilboda er i tråd med arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Eg er òg trygg på at bransjane tar sitt samfunnsansvar for berekraftig utvikling på alvor.

Med helsing



Tonje Brenna

*Dokumentet er godkjent elektronisk og påført statsrådets signatur*



